

# Renovering av Ulla fyr:

## – Eit signalprosjekt det er veldig kjekt å få vere med på



Ulla fyrstasjon ein fineversonsdag i oktober. Foto: Sigrun Rogne

Om du har vore ute på tur i haust, på Ulla tilfeldigvis, har du sikkert lagt merke til at noko skjer på og rundt Ulla fyrstasjon. Alle bygningane der ute på Kvernholmen har vore, eller er framleis, heilt innpakka i stillas, i alle himmelretningar.

Sigrun Rogne

Publisert: 08.11.2020 kl 07:00

Når Nordre sin utskremte endeleg kom seg så langt på tur, var sjølve fyret fritt for stillas, men også der var det tydelege spor etter oppussing. På veggen på Fyrbetjent-boligen var stillasa merka med «Prosjekt og anlegg», og ein møter opptil fleire handvekerar i «målings-outfit», med målarmeister Bjørnøy klart og tydeleg på ryggen.

Heilt sidan 17. august har det aula av handverkarar på Kvernholmen, og dei ser ut til å bli der til framunder jul. Sluttdato på prosjektet er sett til ut november, men det krev finever heile hausten. I følgje «lokalkjentmann» og leiar i Ullafyrets venner Karl Sevrin Olsen, eller Kalle blant vener, så får vi ikkje berre godvêr. Men vi gjer så godt vi kan.

### Tre byggherrar samla

Denne fine dagen i slutten av oktober var alle dei tre hovudprosjektørane samla, både «sjefen» det vil seie prosjektplanleggar og oppfølgar i region Midt Norge, Catherine Taylor Grebstad, frå Kystverket som er også overordna byggherre. Så Børge Buch, leiar for Prosjekt og anlegg, og Trond Bjørnøy, leiar for dei før omtala målarane, lyt finne seg i å berre vere «nesten-sjefar». I tillegg har Kystverket også Roger Holgersen, leiar for entreprise-avdelinga i kystverksreiarlaget knytt til prosjektet, men han var ikkje på Ulla denne dagen. Myhre Smie er også ein viktig aktør, med ansvaret for alt smijernsrekkverk utvendig.



Prosjekt-trekløveret framfør fasaden til Fyr-betjenten F.v.: Catherine Taylor Grebstad som er Kystverket sin prosjektplanleggar og faste oppfølgar, Børge Buch, leiar i Prosjekt og anlegg, og målarmeister Trond Bjørnøy. Foto: Sigrun Rogne

- Det er veldig omfattande, eit signalprosjekt som også reint handverkmessig er veldig spanande, hevdar Børge Buch.
- Det er også veldig synleg, spesielt for lokalmiljøet, som forresten viser stor interesse, sjølv om vi no har ferdseleksrestriksjonar grunna handtering av asbest.
- Det er artig at dei lokale også er opptatt av dette prosjektet, poengterer Trond Bjørnøy og legg til:
- Det aukar interessa for dette prosjektet, også for oss ikkje-lokale.

## Godt handverk og god kontakt

- Eg må få skryte av arbeidet som Ullafyrets venner har gjort, og framleis gjer, skyt Catherine Taylor Grebstad inn.
- Det er slett ikkje noko sjølvfølge at samarbeidet mellom det lokale og det sentrale er like knirkefritt, smiler ho.



Kalle Olsen i vante omgivelser, inne i «utegarden» ved Fyr-betjenten. Foto: Sigrun Rogne

– Her har eg fått god hjelp av mellom anna Kalle, han har tatt mål og bilde og sendt meg, og både han og fleire andre sit inne med stor kunnskap om bygningane her. Og for eit flott arbeid dei har gjort innvendig her, det er heller ikkje sjølvstøtt over alt. Så det skal bli kjekt å få fasaden til matche det innvendige her på Fyr-betjenten, held Taylor Grebstad stolt fram.

Målarmeister Bjørnøy meiner at dei visste kva dei gjorde, dei som bygde her på 40-talet også.

– Dei har brukt gode materiale, og gjort skikkeleg arbeid . Vi kjenner igjen godt handverk og vi ser at fyr-vesenet ikkje har spart på kvaliteten her ute heller. For det var vel dalsfjordingar som var her ute og bygde også?

Spørsmålet får svar frå Kallemann Olsen, som kan stadfeste at det var dei som var her også.

– Dalsfjordingane har vore leiande fyr-byggarar langs heile kysten. I alle fall dei som står igjen! Det er oppført tre andre bygg, heilt likt som dette. Eitt i Trøndelag og to i Berlevåg.



Fyr-betjenten innkapsla av stillas. I framgrunnen Omar Nogva, ei av eldsjelene i Ullafyrets venner. Foto: Sigrun Rogne

## Salt og eternit

Eit tema som aldri er langt unna når du er på kysten, og på Ulla, er vêret.

– Saltet frå sjødrevet er positivt for treverket, men direkte livsfarleg for smijernsrekkverka her ute. Mot slutten av veka kjem folket frå Myhre smie igjen, og då skal dei skifte rekkverket på brua over hit. Dei har allereie skifta rekkverket oppover mot fyr-bygningen, fortel Buch. Det er tydeleg at kjemien er god mellom tilreisande og innfødde, for roleg inn frå sidelinja kjem kommentaren:

– No må du lære deg at det heiter fyrtårn! No sit du i fyr-bygningen.

– Eg berre refererer til «sjefen». Og Grebstad lyt smilande vedgå at ho er kjelda, i alle fall til fadesen.

Når det gjeld fasaden, så gjer all eterniten sitt til at prosjektet også dreg litt ut.



Nytt og gammalt smijernsrekkverk. Det nye laga av Myhre Smie. Foto: Sigrun Rogne

- Når du jobbar med verneverdige hus, som dette, skal alt tilbakeførast til det opphavlege, difor er alle vindauga inne til rehabilitering, men all eterniten blir sjølvsgatt erstatta med meir miljøvenleg marerisale. Og sjølv om her var litt meir enn vi først trudde, så skal vi nok kome greitt i hamn, i 2020. På trass av både forventa ruskevêr og denne hersens koronaen.
- Det er bra, for det renn inn med bestillingar for 2021 allereie no, smiler Kalle Olsen.



Fjøsbygninga, ei av dei originale bygningane som har fått «ytre» hjelp etter alle kunstens reglar. Foto: Sigrun Rogne

## Lys i fyrlykta

- Det var forresten ein sær sars hyggeleg telefon til Kalle, sist torsdag, for då kunne eg be han skru på igjen fyrlykta, fortel Børge Buch.
- Ja, det må du få med, nikkar Kalle, for vi i Ullafyrets venner er stolt over at fram til no har fyrlykta berre vore mørklagt ein gong. Og no når det er restriksjonar på Lepsøy-revet og mange av båtane går inn og ut Haramsfjorden, var det skikkeleg godt, og trygt, å få tent lykta fredag den 23. oktober.
- Og så må du få med dette trekant-samarbeidet mellom oss som entreprenør, Kystverket og Ullafyrets venner er gull verdt! skyt Børge Buch inn, og både Bjørnøy, Grebstad og Olsen er tydeleg einige.
- Det å ha god kommunikasjon innad under eit slikt prosjekt er livsviktig. Og det å ha ekte passion og lidenskap for bygningane hjelp også godt på. Noko vi har her, kjem det frå Trond Bjørnstad.